

# HORNELEN

- Om prosessen og vegen vidare
- Rekonstruering av skogteigar

Tore Larsen

28.4.2026




Statsforvaltaren i Vestland



## Status for arbeidet med utgreiing av Hornelen som mogleg nasjonalpark

- 21.3.22: Orientering til kommuneleiinga i Bremanger om landsplanen for supplerande vern.
- 16.6.22: Orientering for kommunestyret i Bremanger.
- 13.4.23: 1. orienteringsmøte i Berle.
- 31.5.23: 2. orienteringsmøte i Berle.
- 25.9.23: Miljødirektoratet gir grønt lys for å inkludere sjøareal, og vern av heile gradienten frå sjøbotn til fjell.
- 27.9.23: 3. orienteringsmøte i Berle.
- 21.3.24: Bremanger kommunestyre gir sin aksept til at eit mogleg vern av Hornelen som nasjonalpark kan greiast ut.
- 12.9.24: Bremanger kommunestyre gir aksept til å vurdere vern også i sjø.
- 16.10.24: 4. orienteringsmøte i Berle, med fokus på skog.
- 2025: Rekonstruksjon av skogteigar og eigartilhøve

Utgreiingsområde for ein  
mogeleg Hornelen nasjonalpark






[Vestland](#) > [Miljø og klima](#) > [Verneområde](#) > [Nye verneområde](#) > [Oppdrag nasjonalpark](#) > [Hornelen](#)



## Hornelen



Hornelen går for å vere den høgaste sjøklippa i Nord-Europa, og er eit markant landemerke i Bremanger og omlandet rundt. Her er Hornelen sett frå Frøysjøen. Foto: Tore Larsen.



Statsforvaltaren har fått i oppdrag å førebu prosessar for mogleg oppretting av tre nye nasjonalparker i Vestland fylke, blant desse Hornelen nasjonalpark.

Oppdraget vi har fått omfattar ikkje å starte formelle verneprosessar, men å førebu eit eventuelt vernearbeid seinare dersom oppdraget får nødvendig lokal tilslutning. Fordi vi er heilt i startfasen av oppdraget, er det enno lite konkret informasjon å dele. Vi prioriterer i første omgang å ha

### Kontaktpersonar

[Eline Orheim](#)  
Tlf: [57 64 30 12](#)

[Tore Larsen](#)  
Tlf: [57 64 31 26](#)



Mottak av oppdrag



Informasjonsfase



Oppstartsmelding



Utgrelingsfase



Gjennomgang av uttalar til oppstart



Høyring av verneforslag



Gjennomgang av uttalar til verneforslaget



Tilråding om vern



Vedtak i statsråd

# Prosess

Vi er framleis tidleg i prosessen med å greie ut om Hornelen er aktuell som nasjonalpark.

Kartet med utgreiingsområdet er IKKJE eit verneforslag!

- Om det skal bli ein Hornelen nasjonalpark, avgjerast av Bremanger kommunestyre.
- Om det skal bli med skog i ein Hornelen nasjonalpark, avgjerast av kvar enkelt skogeigar evt. den som har skogrettar.



Før vi formelt kan melde oppstart av ein verneprosess (oppstartmelding), må vi vite kva som kan vernast. Derfor må vi ha oversikt over kven som har rettar til skog, og kvar. Og vi må vite om dei som har skogrettar er interessert i frivillig skogvern.

Frivillig skogvern er ei ordning som er laga for at det skal løne seg for eigar å få området verna (utbetalt erstatning) i staden for å bruke det til skogsdrift.



Etter dette møtet vil alle som eig eller har rettar til skog bli kontakta av ein skogeigarorganisasjon (Norskog eller FramTre) for å høyre om de er interesserte i frivillig skogvern.

Dersom du er interessert i å verne skogen din, eller vil finne ut kor stor erstatninga kan bli, må du tilby området til frivillig vern. Området vil da bli taksert.

Dersom du ikkje er nøgd med erstatninga, eller av annan grunn ikkje vil verne skogen likevel, kan du trekke tilbodet når som helst under prosessen. Din skogteig blir da ikkje med i eit eventuelt verneområde.

Staten betaler for heile skogprosessen, inkludert takst. Eigar betaler ingenting.

Dersom det blir vern, beheld du eigedomsretten til skogen, men kan ikkje bruke den til skogbruk. Jakt, fiske og ferdsel kan halde fram som før.

Det blir betalt erstatning for skog fordi skogbruk blir rekna som «pårekneleg bruk» for all skog, anten den er i bruk eller ikkje. For dei delane av eit eventuelt verneområde som ikkje er skog, blir det berre betalt erstatning dersom vernet kjem i vegen for tiltak som er i gang eller som det allereie er gitt løyve til å starte opp.




## Kvar vil grensene for eit eventuelt verneområde gå?

Det kjem an på kva som kjem fram av innspel etter oppstartmeldinga, etter høyringa, og under synfaringar/møte undervegs i prosessen.

Karta som er lagt fram til no, viser kva som er vurdert å vere naturfagleg interessant. Innmark og busette område vil ikkje bli inkludert i ein nasjonalpark.

Vern av skog krev eigar/rettshavar sitt samtykke.

Vern av sjø krev at det blir vern på land nok til å få ein samanhengande gradient frå sjøbotn til fjelltopp.



## Korleis vil området bli forvalta?

Som del av verneprosessen blir det laga ei verneforskrift som seier kva som skal vere lov og ikkje lov å gjere i verneområdet.

- **Kan gjerast som før:** Jakt, fiske, plukking av bær og sopp, vedlikehald av stølshus, stiar, bruer, skilt, gjerde, vedhogst til stølshus...
- **Kan få løyve til:** Bygge om eller utvide/endre stølshus, nye bruer, nye stiar, nye skilt, vedhogst til eige bruk, rydding av beite, motorferdsel til spesielle føremål (husdyrhald, transport av materialar)...
- **Ikkje lov:** Skogbruk, bygging av hus/hytter/vegar, motorferdsel generelt, bergverksdrift, sprenging, drenering, kraftleidningar, kraftanlegg, inngrep på sjøbotnen, flytande anlegg i sjø...

Ein eventuell nasjonalpark vil få eit forvaltingsstyre samansett av folkevalde frå kommunen og ein frå fylkeskommunen, og ein forvaltar som er underlagt styret men løna av Statsforvaltaren.

Forvaltingsmidlar (tilrettelegging av parkeringsplassar, toalett, utbetring av stier og bruer, informasjonsskilt, skjøtsel, lage forvaltingsplan...)

|      |                         |                                      |
|------|-------------------------|--------------------------------------|
| 2025 | Ålfotbreen LVO:         | Drift 180 000, Tiltaksmidlar 250 000 |
|      | Naustdal-Gjengedal LVO: | Drift 145 000, Tiltaksmidlar 800 000 |


**Via Ferrata Hornelen (2023):** Øvre del er vurdert av Miljødirektoratet til å vere upåverka nok til at sjølve Hornelen kan vere med i ein nasjonalpark, men at omfanget av tiltak i nedre del er i største laget. Vernegrensa kan bli trekt utanom den nedre delen, eller kanskje den kan vurderast som landskapsvernområde.


Nye ruter i nasjonalparken vil neppe vere aktuelt.

**Sjøområde i nasjonalparken:** Det er eit utgangspunkt å verne heile gradienten frå sjøbotnen i sør og vest, og til toppen av Hornelen.

Vernet vil gjelde m.a. inngrep i sjøbotnen, og flytande anlegg på sjøen. Fiske eller ferdsel med båt blir ikkje påverka.

Kor stor del av sjøen rundt Hornelen som kan vernast, er avhengig av kvar det verna landområdet vil nå ned til sjøen.





Ein verneprosess kan delast i ni hovudetappar fram mot eit eventuelt vernevedtak. For Hornelen sin del er vi no i fase to, som er informasjonsfasen.

Fram til trinn 7 kan kommunen stille krav eller seie at vern ikkje er aktuelt.

Det same gjeld skogeigarane, dei kan også hoppe av undervegs på same måte når det gjeld eigen skog.






## Rekonstruksjon av skogteigar

### Udskiftning af Skoug og Mark 1719 og 1730 fra Skarstens Mærket til Hælenesset

Derpaa foretog vi os da forretningen i sig self og reiste først ud paa Stranden, hvor vi tog det første Bytte inden fra Murevigmærcket paa Klubben og till udimod Simenvig Elven, hvorda Børie Hestevig fik den første og inderste teig, som blev udmaalt til  $9\frac{1}{2}$  Stang bred nere og 12 Stænger oppe, hver Stang til 2 favner eller Sex norske alen. Dernæst fik Adam Hestevig den anden teig næst udenfor  $9\frac{1}{2}$  Stang nere og 12 Stænger oppe, Erik Sandersen Lisettet den 3die  $11\frac{1}{2}$  St. nere og 14 St. oppe, Erik Knudsen den 4de  $11\frac{1}{2}$  St. nere og 14 St. oppe, Anders Lisetter den 5te  $11\frac{1}{2}$  St. nere og 14 St. oppe Ole indre Hauge den 6te 10 St. nere og  $12\frac{1}{2}$  St. oppe, Elling Berle den 7de  $15\frac{1}{2}$  St. nere og 17 St. oppe....




Kva for eit område var det som blei målt opp med merkestang i september 1730?

Grunnen var felleseige, men det var usemje om skogen, som nokre meinte at andre hadde «hugget, ruineret og ødelagt mere end paa deres anpart efter Lodd og Leyeboel kand komme».

14 bruk fekk 3 teigar kvar i *Berlestranden*, til saman 42 teigar.



Kartet frå Storskiftet på Bremangerlandet i 1875 antydar kva område oppmålinga gjeld.



Skiftet føregjekk frå *Murevig-Mærcket* på *Klubben* i sjøkanten i aust, til *Bodelen* ved sjøen i vest, venteleg der grensa for sameiget er vist på kartet frå 1875.

Murevik-teigen ligg mellom «*Hornelens Mærcke, som skall være udi Søre Hælenæsset* (...) og alt ud till en Mærksten som ved Søn blef nedsat lit ovenfor en stor jordfast Sten, strax uden for Klubben, visende derfra lige nord...»

Desse namna er nemnt i skiftebrevet: Første bytte gjekk frå *Klubben* til *Simenvig Elven* (Simåvikelva) det neste til ydste store *Lie Elfven* (Storelielva), og det tredje til *Bodelen* (venteleg noverande Båtnehaugen, som også er omtalt som «Næsset»).



## Korleis, og ikkje minst kvar, blei teigane målt opp?

Lengde blei målt med eininga *Stang*. I skiftepapira frå 1730 er lengda av 1 stong gitt til «2 favner eller 6 norske alen». I 1683 blei Ole Rømers system innført ved lov, og ein famn tilsvarte då 1,8882 m. Dette tilseier at i 1730 var **1 stong** = 2 famnar =  $(1,8882 \times 2) = \mathbf{3,776\ m}$ . Ved måling i kupert terreng var nok feilkjeldene store.

Målinga følgde ikkje strandlinja. Den buktar seg så mye ut og inn at teigane i praksis ville fått svært ulik breidde (dels null) nede mot sjøen.

Ved å måle i mest mogleg rett linje uavhengig av kystlinja, stemmer avstandane best med stongmålingane.





Tal stonglengder frå Klubben til Simåvikelva:

Øvre: 12+12+14+14+14+12,5+17+17+17+14+10+10+14+14

Nedre: 9,5+9,5+11,5+11,5+11,5+10+15,5+15,5+15,5+12+8+8+12,5+12,5

Tal stonglengdar frå Simåvikelva til Storelielva:

Øvre: 20+20+24+24+24+22+25+25+17+17+24+30+30+30

Nedre: 20,5+20,5+24,5+24+24,5+22,5+25,5+25,5+17,5+17,5+24,5+31+31+31

Tal stonglengdar frå Storelielva og vestover mot «Bodelen»:

Øvre: 26+22+22+17+22+22+22+15+15+22+20+17+26+30

Nedre: 29+24+24+19+24+24+24+17+17+24+22+29+20+58

| Stonglengder | Omrekna til m | Reell lengde i m |
|--------------|---------------|------------------|
| 191,5        | 723           | 723              |
| 163          | 616           | 693              |

-

-77

|     |      |      |
|-----|------|------|
| 322 | 1254 | 1226 |
| 340 | 1284 | 920  |

+28

+364

|     |      |      |
|-----|------|------|
| 298 | 1125 | 1085 |
| 355 | 1341 | 1510 |

+40


-169




På moderne kart er det teikna inn fire småteigar ved Hjellettunet og tre ved Storelielva. Her er det funne grensesteinar.



20.10.25: Sjekk  
av grensesteinar  
ved Hjellettunet






125

100


Hjelletunet

75

Plasseringa av grensesteinane  
stemmer ikkje med breidda på  
teigane som blei målt opp i 1730




Plasseringa av grensesteinane  
stemmer ikkje med breidda på  
teigane som blei målt opp i 1730



Kanskje er ikkje grensepunktet ved Simåvikelva i sjøkanten, men lenger oppe i terrenget?

Å måle opp teigane derifrå, hjelpte likevel ikkje. Grensesteinane stemmer framleis ikkje med den oppgitte breidda på teigane...




Merkesteinar ved Storelielva; to av dei er merka av på nye kart



Teigrettar i 1730 overført til  
noverande gards- og bruksnummer



Teigrettar i 1730 overført til  
noverande gards- og bruksnummer






## Skogteigar inst i Berlepollen

«Siden deelte vj da skaugen paa samme søre side saaledes at Elling Berle fik den første og inderste teig fra Skjeklelien og ud till Bjørnesticuren, Enok den till Tobbessvorgjøllet, Paul den 3die til Tømmergroven, Mons den 4de ud till 2de nedsatte Mærckstene, Simen den 5te, Rasmus Ødegaard den 6te, og Ole indre Hauge den 7de alt ud till store Elven, imellem begge elvene fik Rasmus ydste Haugen den inderste og Lars den yderste teig, og derimellem tvende Mærkstene nedsat, fra ydste Hestevig Elven og udefter, fik Adam den første teig, Børie den anden, Adam den tredie, og Børie den fjerde ud til Tømmergaaten...»





«Sak nr. 24/1989 for Sunnfjord og Ytre Sogn  
Jordskifterett angående eiendomsforholdene i  
Berlepollen og Berlestranden» (3. desember 1993)

2. Innanfor det området som i Storskiftet på Bremangerlandet er skrive som "Skogfællesskabet i Berlestranden" eig noverande gnr. 68-74, Hestvik, Liseter med Murvik, Hauge indre, Berle Ødegård, Berle, Hauge lille og Hauge ytre grunn og beite i fellesskap.
3. Gardane sin andel i fellesskapet er i samsvar med den skylda som galdt før lov av 17.12.1836 slik:

|                |       |
|----------------|-------|
| Hauge ytre     | 14,0% |
| Hauge lille    | 9,3%  |
| Berle          | 26,7% |
| BerleØdegard   | 6,7%  |
| Hauge indre    | 6,0%  |
| Liset m/Murvik | 29,3% |
| Hestvik        | 8,0%  |